

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 60/2003

Møtedato: 3.12.03

Arkiv nr: F 512

F 512, BAKLIE – PORTAL

Anton Høitomt har ført opp portal og eit form for gjerde utan løyve. Inngjerdinga består av stein, litt skigard og nettinggjerde.

I sak 68/98 gjorde fjellstyret følgjande vedtak:

Fjellstyret kan ikkje sjå at det er meir behov for inngjerding her enn det er i hyttefeltet i Baklie og fråstår at Høitomt får gjerde inn festet.

Høitomt skriv i brev datert 16.12.98 at han bør kunne få setja opp gjerde på lik line med andre hytter som ligg utanom hyttefelt. Han ynskjer å føre opp skigard kombinert med stein.

Statskog ber fjellstyret om uttale om portal og gjerde skal fjernast, eller om han kan få behalde gjerde og portal utan tak.

Fjellstyret har i sak 53/2000 vurdert nye reglar for inngjerding av hytter.

I sak 59/01 gjorde fjellstyret følgjande vedtak:

Etter dei nye retningslinene for inngjerding finn fjellstyret å tilrå at festaren får gjerde inn tomte i den storleik det er i dag. Vilåret for inngjerdinga er at gjerdet er av stein/trematerialar og at tak på portalen blir fjerna og at høgda på stolpane ikkje overstig normal gjerdehøgde.

Festaren har ikkje etterkomme Statskog sitt pålegg om fjerning av tak på portalen. Kommunen har ikkje regelverk som styrer slik inngjerding og fjerning må eventuelt skje etter Statskog sitt regelverk.

Statskog ber fjellstyret om uttale til kva som bør skje vidare i saka.

VEDTAK:

Fjellstyret meiner at Statskog bør gjennomføre dei tiltak som er nødvendige for at pålegget blir oppfylt.

Vedtaket er einstemmig .

Vestre Slidre fjellstyret den 4.12.03

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Statskog